



Rolf Reigstad
Gjervika 28
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1686 - 17/17099

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
12.06.2017

Gbnr 188/6 Gjervik. Løyve til fornying av landbruksareal.

Eigedom: Gnr.188 bnr.6 Gjervik
Adresse for eiged.: Gjervika 28, 5914 Isdalstø
Type tiltak: Fornyng av landbruksareal ved tilkjøring av jord og planering
Heimelshavar: Rolf Reigstad
Søker: Rolf Reigstad

Saka gjeld:

Det er søkt om løyve til å heve areal på gbnr 188/6. Arealet er beite og slåttemark i dag, men det er myrjord og etter kvart har jorda minka. Det vert søkt om løyve til å fylle på drenerande masse (stein) og deretter fylle tilbake matjorda og planere areala. Bruken vert ikkje endra frå landbruk, men målet er at areala skal ha karakter av fulldyrka jord etter at tiltaket er gjennomført.

Arealet har ein samla storleik på 13da og i første omgang er det om lag 9,0da som skal planerast.

Plansituasjon/dispensasjonar:

For området der tiltaket ligg, gjeld kommunedelplanen for Alversund og Knarvik. Planen er under rullering, men i følge samtale med sakshandsamar hjå planavdelinga i kommunen, er det enno langt fram til ein har teke avgjerd om korleis areala skal disponerast.

Landbruksavdelinga legg difor til grunn gjeldande plan. I denne planen er areala det gjeld sett av til LNF føremål. Tiltaket det er søkt om gjeld istandsetting av landbruksareal, og tiltaket er såleis i samsvar med gjeldande plan. Dispensjon er etter dette ikkje naudsynt.

Om gbnr 188/6:

Eigedommen er ein mindre landbrukseigedom. Samla areal er 95,4da og samla jordbruksareal er 33,5da. Det er 14,5da slåttemark i følge gårdskartet for eigedommen. Eldre økonomisk kart syner at arealet som ein no vil sette i stand, tidlegare var fulldyrka areal. Etter kvart har det vorte meir grunnlendt og best eigna til beite.

Eigedommen er i drift. Søker har kalvar som han forar fram til slakt.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Gjervika ligg heilt sentrumsnært. Området er rikt på spor etter tidlegare landbruksdrift. Det går turstiar gjennom området som er mykje nytta av dei som bur i Knarvik, samt av skuleelevar og barnehagar. I dette perspektivet betyr det ein god del at drifta av eigedomman kan halde fram slik at kulturlandskapet skal vere i bra hevd.

Om tiltaket:

Arealet som skal settast i stand skal hevast slik at det kjem i flukt med ein driftsveg/privat tilkomst som går nordvest for arealet. På nedsida grenser areala til 188/5. Detter eit område det har stått strid om, men det ligg føre vedtak i kommunen som krev at areala skal settast i stand til landbruk. Tiltaket på 188/6 kan kanskje bidra til at det vert sett i gang arbeid og på 188/5.

Tiltaket går ut på å grave av eksisterande matjord og legge den til side. Deretter vert det køyrt på drenerande masse – steinmassar. Matjorda vert lagt tilbake og eventuelt vert det køyrt på meir, dersom det er naudsynt for å få nok jorddjupne.

Tilkøyrte masse vil vere om lag 16000m³ og høgda på fyllingen vert om lag 3m på det høgaste og så vil den flate ut og gå mot null i øvste kanten.

Dersom det vert aktuelt å gjennomføre planering av dei siste 4da som ligg mot vest, vil det her gå med om lag 8000m³ stein. I første omgang legg ein ikkje opp til å gjennomføre dette. Når det er aktuelt, venter landbrukavdelinga at det vert gjeve melding slik at kontoret kan komme på synfaring før arbeidet tek til.

I området renn den ingen bekker eller større vassdrag. Når areala er ferdig planert vil overflatevatnet renne ut av området slik som i dag. Drenerande masse vil syte for at overflatevatten forsvinn ned. Dersom det er naudsynt kan det settast ned kum for å ta inn vatn som kjem frå oversida av driftsvegen.

I Gjervika er det fleire kulturminne og restar etter tidlegare landbruk, men i området som skal planerast er det ingen synlege slike restar.

Det er heller ikkje biologisk mangfald som krev ekstra omsyn.

Søker skriv at det vil verte kontrollert at tilkøyrte masse er rein og det vil verte dokumentert ved internkontroll .

Søker er ikkje klar over kor lang tid det vil ta å gjennomføre tiltaket, men skriv at han vil gjere areala ferdig etter kvart og så i slik at jord ikkje ligg ope i dagen. Søker er sjølv ansvarleg utførande for tiltaket.

Landbrukskontoret har vore på synfaring.

Vurdering:

Når tiltaket er gjennomført skal areala halde kvalitet som fulldyrka jord.

Sidan tiltaket ligg i LNF- område og gjeld istandsetting av jord som alt er dyrka, er det ikkje naudsynt med dispensasjon. Tiltaket er av mindre omfang og fyllinga vert i snitt lågare enn tre meter. Ingen del av fyllinga vert høgare enn tre meter.

Det er ikkje større vassforkomster eller vassdrag i området og heller ikkje kulturminner eller biologisk mangfald som krev særskilt merksemd.

Ut frå dette er det ikkje naudsynt å handsame søknaden i høve til plan- og bygningslova.

Søknaden må handsamast i høve til forskrift om forureining kapittel 4.

I gjennomføring av tiltaket må det sikrast dokumentasjon på kor massane kjem frå.

Avgravd matjord må lagrast slik at eigenskapane til jorda ikkje vert øydelagd. Etter kvart som areala vert ferdige må dei såast til.

Naboar må få varsel om tiltaket før det vert sett i gang.

Dersom det vert konflikt må tiltaket stoppast og landbruksstyresmaktene kontaktast.

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om forureining kapittel 4, gjev Lindås kommune løyve til å utbetre inntil 13da overflatedyrka jord og innmarksbeite på gnr.188 bnr.6 Gjervik.

Det vert gjeve løyve på følgjande vilkår:

- Søker kan sjølv stå som ansvarleg for gjennomføring av arbeidet
- Fylling må ikkje vere høgare enn 3 meter
- Område som vert planert/heva må ikkje vere større enn 13da. Arbeidet skal delast i to slik at første trinn i arbeide gjeld 9,0da for det meste innmarksbeite, medan andre del gjeld om lag 4da for det meste skogsmark.
- Før andre del vert sett i gang skal første del vere ferdig, og teke i bruk som fulldyrka areal. Kommunen skal ha melding om at arbeidet med første trinn er ferdig, før andre trinn vert sett i verk.
- Det skal fyllast på matjord av god kvalitet slik at området får karakter av fulldyrka jord.
- Dersom det vert oppdaga kulturminne eller verdfullt biologisk mangfald under arbeidet, må arbeidet stoppast og funna undersøkast nærare.
- Det skal dokumenterast at berre reine massar er nytta.
- Naboar må få varsel og dersom dei kjem med merknad til arbeidet, må arbeidet stoppast og kommunen få melding, slik at naboane sine merknader kan handsamast.
- Det vert sett frist for gjennomføring på tre år frå melding om løyve er motteke. Dersom arbeidet ikkje er ferdig, må ny søknad sendast inn.

Klage:

Avgjerda kan det klagast over i samsvar med reglane i forvaltningslova. Frist for klage er tre veker frå melding om vedtaket vert motteke. Jmf. §§28 flg. i Forvaltningslova.

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Rolf Reigstad

Gjervika 28

5914

ISDALSTØ